



Musikkorpsa i Alver

Invitasjon til korpsstafett

Me byggjer verdas beste korpskommune, og synes det er på sin plass å løfta fram det fantastiske korpsmiljøet i Lindås, Meland og Radøy. Difor lurar me på om korpset ditt vil vere med på ein digital korpsstafett no i haust?

Korleis kan de delta?

Meland musikklag er første korps ut. Dei lagar eit videoklipp der dei fortel om korpset sitt, spelar Alver-vignetten til Frode Rydland og utfordrar eit anna korps i Alver til å gjera det same.

Deretter håpar me at korpsstafetten går av seg sjølv, og kjem innom alle korpsa i Alver. Me håpar sjølvsagt at alle som ventar på at turen skal koma til sitt korps, følgjer med og løftar fram korpset som til ei kvar tid har stafettspinnen.

De kan nytta vanlege mobiltelefonar til opptaket eller låna opptaksutstyr frå kommunane.

Oppaket legg de ut på facebooksida til korpset. Merk innlegget med Alver kommune og namnet på korpset de utfordrar. Før de utfordrar er det lurt å ta kontakt for å sjekka om dei er med, slik at stafetten ikkje stoppar opp.

Her kan de laste ned notane til den Alver-vignetten:

<https://alverkommune.no/2018/09/19/her-finn-du-notane-til-alver-vignetten/>

Lurar de på noko?

Har de spørsmål eller innspel? Ta kontakt med Bente K. Hervik i Radøy kommune på telefon 56 34 90 12 eller på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne

Kultursjef

Alver kommune

Bente K. Hervik

rådgjevar kultur

Radøy kommune

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Tlf. 56 37 50 00

postmottak@lindas.kommune.no

Meland kommune

Havnevegen 41

5918 FREKHAUG

56 17 10 00

postmottak@meland.kommune.no

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 MANGER

Tlf. 56 34 90 00

postmottak@radoy.kommune.no